



## MØTEBOK

### Gebyrregulativet for 2023 - bygge-, delings, og plansaker

Utval sak	Utval	Møtedato
72/22	Utval for plan og miljø	22.11.2022
62/22	Kommunestyret	14.12.2022

#### Vedlegg:

- 1 Gjeldande gebyr 2022
- 2 Forslag til Gebyr for 2023

#### Bakgrunn:

Kommunestyret har vedteke at Plan- og utvikling skal nå sjølkost innan 2022. I 2. tertialrapport er det vist til at kommunen ligg an til å nå sjølvkost for plan- og byggesak i 2022.

Ei av årsakene til at ein ser ut til å nå sjølvkost i 2022 skuldast også vakanse i 4 månader på ei 65% stilling, og litt fleire plansaker enn normalt. For 2023 blir avdelinga påført ein 20% stilling for utvalssektretær, og sannsynlegvis ei 10% stilling som oppmålar, og 2% av lønskostnadene til etatssjefstillinga.

Kommunen sin stramme økonomiske situasjon og usikkerhet om talet på plan- og byggesaker i komande år gjer at kommunedirektøren ikkje føreslår å senka gebyra for 2023 sjølv om vi ser vi ligg noko over nabokommunar i dei fleste sakstypar. Kommunedirektøren føreslår å ikkje endra på storleiken på **M** for 2023, men gjer nokre endringar i ein del betalingsattsar, som for det meste fører til mindre reduksjonar, som de finn i oversikta under.

Med desse endringane er det antatt at vi også for 2023 oppnår sjølvkost i tillegg til at vi sender eit signal om prisreduksjon i nokre sakstypar.

Utvalet vurderte også for 2022 å halda storleiken på **M** uendra, men endte på å auka **M** med kr 100 i tråd med framlegg til vedtak pga noko usikkerhet i samband med innføring av eByggesak. Med innføring av eByggesak har avd. plan- og utvikling hatt nokre innkøyringsutfordringar, men det fungerer bortimot tilfredstillande no. Det forholdsvis låge talet på byggesaker generelt har også gjort at ekstra tidsbruk ved innføringa ikkje har medført forseinkingar i sakshandsaminga.

**Endringar/nye pkt. i gebyrregulativet er merka med rødt.**  
**Pkt. som går ut er merka med blått.**

#### Oversikt over forslag til endringar for gebyrregulativet 2023:

Det er føreteke nokre verbale endringar, samt retting, presisering og mindre reduksjonar i enkeltsaker. Den generelle satsen M (3400,-) blir for fyrste gong på mange år føreslått uendra.

§ 1.3 Søknader som vert trekt eller er mangelfulle  
Gebyr for mangelbrev vert redusert frå 1M til 0,5M.

§ 3.2 Tiltak som krev ansvarleg søkjar

Handsaming av søknad om fritidsbustad ver redusert frå 10M til 9M.  
Handsaming av søknad om tomannsbustad ver redusert frå 14M til 12M.

#### § 3.10 Fasadeendring

Solcelleanlegg som utløyser krav til søknad vert redusert til 0M.

#### § 3.11 Tiltak i eksisterande bygningar og bruksendring

Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel vert redusert frå 2M til 1M

#### § 3.14 Innhegning – skilt/reklame

Gebyr for innhegning vert redusert frå 2M til 1M

#### § 3.18 Førehandskonferanse

Førehandskonferanse som fører til byggesøknad innan 12 månader etter møtetidspunktet, vert 50% av gebyret refundert (tilbakebetalt 1M)

#### § 5 Kart og oppmålingsarbeid

I saker der alle grensene er merka etter nyare landmålingsmetodar og koordinatfesta i matrikkelen, og der feltarbeid ikkje er naudsynt, skal gebyret reduserast med 35 %.

Ved samstundes oppmåling av tomter frå same teig, vert gebyret redusert med 20% frå og med tomt nr 4.

#### § 7.1 Seksjonering

Tillegg for kvar seksjon over 4 på 0,5M

#### § 8 Reguleringsplanar

For førehandskonferanse som fører til oppstart av planarbeid innan 12 månader etter møtetidspunktet, vert 50% av gebyret refundert.

Mindre endring av analog plan utgår

Sakshandsamingsgebyr for planar 0-5 daa vert redusert frå 27M til 20M.

Sakshandsamingsgebyr for planar over 70 daa utgår.

Melding til forslagsstillar om manglar ved innlevert planframlegg redusert frå 2M til 1M

Minstegebyr for kommunen sitt arbeid med retting av planframlegg redusert frå 3M til 2M

#### §10 Hamne- og farvasslova

Sakshandsaming for tiltak ikkje i tråd med plan vert redusert frå 1M til 0,5M

Tiltak i tråd med plan er fritatt for sakshandsaming og gebyr

#### **Framlegg til vedtak:**

Utval for plan og miljø rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

Fitjar kommunestyre vedtek framlegg til gebyrregulativ gjeldande frå 01.01.2023.

### **Saksprotokoll i Utval for plan og miljø - 22.11.2022**

#### **Behandling:**

Tilråding til kommunestyret vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Fitjar kommunestyre vedtek framlegg til gebyrregulativ gjeldande frå 01.01.2023.

## **Saksprotokoll i Kommunestyret - 14.12.2022**

### **Behandling:**

Representanten Bård Inge Søfronn (KRF) la føre følgjande tillegg til gebyrregulativet:

§ 3.11.

Mellombels bruksendring frå fritidsbustad til fast bustad blir satt til 1 M.

Tiltak som krev dispensasjon frå Tek.17 for fritidsbustad til fast bustad blir satt til 1 M.

Det vart først røysta over framlegget frå Søfronn (KRF), dette vart samrøystes vedteke.

Deretter vart det røysta over framlegget frå formannskapet, med tillegg frå Søfronn (KRF). Dette vart samrøystes vedteke.

Det ligg etter dette føre slikt vedtak:

### **Vedtak:**

Fitjar kommunestyre vedtek framlegg til gebyrregulativ gjeldande frå 01.01.2023, med tillegg i § 3.11.

Gjermund Hagesæter  
kommunedirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*